

# Møtebok

## for

### Førebuande fellesnemnd - ny kommune

**Møtedato:** 15.05.2017

**Møtested:** Nordhordlandshallen, kantina

**Møtetid:** 13:45 - 16:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Kari Anne Iversen	Meland	Rådmann
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	Medlem
Ståle Juvik Hauge	Lindås	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	Medlem
Andreas Dyngen	Lindås	Varamedlem
Karl Vågstøl	Lindås	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	Utvalsleiar
Øyvind Bratshaug	Meland	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	Medlem
Karina Garnes Reigstad	Meland	Medlem
Thomas Wallem	Meland	Varamedlem
Jon Askeland	Radøy	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	Medlem
Kirsti Floen	Radøy	Varamedlem
Kenneth Murberg	Radøy	Medlem
Else Marie Dale	Radøy	Medlem
Jarle Landås	Radøy	Rådmann
Ørjan Raknes Forthun	Lindås	Rådmann/Sekretær

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Laila Pletten	Radøy	Kirsti G. Floen
Nils Marton Aadland	Meland	Thomas Wallem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	Andreas Dyngen

**Andre møtande:**

Jarle Landås-rådmann Radøy, Kari Anne Iversen-rådmann Meland, Ørjan Raknes Forthun-rådmann Lindås og møtesekretær, Sven-Erik Antonsen-BDO, Merethe Mæland-BDO

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
<b>023/17</b>	Godkjenning av innkalling og saksliste
<b>024/17</b>	Godkjenning av møteprotokoll
<b>025/17</b>	Val av kommunenavn for den nye kommunen
<b>026/17</b>	Krav til stilling som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen
<b>027/17</b>	Søknad om støtte til samferdselstiltak
<b>028/17</b>	Oppnemning av arbeidsgruppe for gjennomføring av seminar om næringsutvikling
<b>029/17</b>	Melding / orientering til førebuande fellesnemnd - 15.05.2017

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
023/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	17/1405

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

### Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 023/17

#### FELLES - behandling:

Framlegget vart samråystes vedteke.

#### FELLES - vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	17/1405

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg :

Protokoll - Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 24.04.2017

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

### Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 024/17

### FELLES - behandling:

Framlegget vart samråystes vedteke.

### FELLES - vedtak:

Møteprotokollen er godkjent

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Val av kommunenavn for den nye kommunen

### Vedlegg :

Vedlegg 1 til Saksframlegg - Val av kommunenavn\_Einkommune Rapport spørreundersøkelse

### Framlegg til vedtak

1. Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen.

### Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 025/17

#### FELLES - behandling:

Representanten Sveinung Toft, Lindås, fremma følgjande forslag på vegne av seg sjølv og Anna K Valle, Lindås:

«Kommunestyret vedtek Knarvik kommune som namnet på den nye kommunen.»

Representanten Karl Vågstøl, Lindås, fremma følgjande forslag:

«Kommunestyret vedtek Nordhordland kommune som namnet på den nye kommunen.»

Leiar for førebuande fellesnemnd fremma forslag om prøverøysting. Det vart røysta over forslaga einskildvis.

Nordhordland kommune fekk 6 røyster. (3 Lindås, 2 Meland og 1 Radøy)

Knarvik kommune fekk 6 røyster. (5 Lindås og 1 Radøy)

Alver kommune fekk 14 røyster. Mot 7 stemmer (1 Meland, 5 Lindås og 1 Radøy)

Etter prøverøystinga vart framlegg om «Nordhordland kommune» trekt.

Det låg føre to framlegg ved endeleg avrøysting:

1. «Kommunestyret vedtek Knarvik kommune som namnet på den nye kommunen.»
2. «Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen.»

Desse forslaga vart satt opp mot kvarande.

Alver kommune vart vedteke mot 6 røyster (5 Lindås og 1 Radøy).

**FELLES - vedtak:**

Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen.

**Saksopplysningar:****Samandrag:**

Namnet på den nye kommunen blir fastsett på § 25-møtet, under leiing av fylkesmannen. Dette møtet blir ikkje gjennomført før det ligg føre eit forslag til namn som er vedteke av dei tre eksisterande kommunestyra. Både kommunestyremøta og § 25-møtet skal haldast den 22. juni 2017.

Det vart vedteke i førebuande fellesnemnd den 20. mars 2017 at det skulle oppretta ein politisk komité som fekk i oppgåve å gjennomføre ein prosess for å jobba fram eit nytt namn til den nye kommunen, og utarbeide ei innstilling til førebuande fellesnemnd til 15. mai 2017.

**Saksutreiing:**

Den politiske komiteen som har arbeidd fram nytt namn på kommunen har vore samansett av 6 politikarar, 2 frå kvar av dei 3 kommunane som slår seg saman:

1. Nina Bognøy, Lindås kommune - leiar for komiteen
2. Laila Pletten, Radøy kommune
3. Jostein Borlaug, Radøy kommune
4. Nils Marton Aadland, Meland kommune
5. Anne Grete Eide, Meland kommune
6. Asle Hettlebakke, Lindås kommune – komitédeltakar og representant i referansegruppa

Arbeidet til komiteen tok utgangspunkt i dei forslaga til nytt namn på kommunen som allereie var koment inn til kommunane. Ein fekk og overlevert namn som var koment inn til avis Strilen i ein tidlegare prosess. Ein ynskte så å skape ei brei involvering for å finne eit namn som flest mogleg av innbyggjarane kan identifisere seg med. Innbyggjarar og næringsliv har vore involvert og inkludert i prosessen.

Det vart nytta ekstern bistand til komiteen for å gjennomføre ei kartlegging av kva innbyggjarane i dei tre kommunane assosierer med kommunen sin, og andre perspektiv på kva som kjenneteiknar kommunane. Dette vart gjennomført ved ei spørjeundersøking via einkommune.no, det vart opna for at den einskilde kunne sende namnforslag til komiteen, og det blei lagt ut saker på einkommune.no som informerte om saksgangen. Lokalavisene har og delteke i å formidle ut til innbyggjarane om prosessen og korleis dei kunne involvere seg.

I forkant av utarbeidninga av spørjeundersøkinga blei det og gjennomført intervju med to lokalhistorikarar, Arnt Brakstad og Inge Alver. 297 personar svarte på undersøkinga, og resultata syntetiserte at folk vektlegg det framtidssretta i stor grad. Ein ser og at sjø, fjord og strilekulturen er svært viktig for folk. Resultata ligg ved saksframlegget som vedlegg 1. I etterkant av undersøkinga, men før namnekomiteen arbeidde fram si innstilling, vart det og gjort eit intervju med ein tredje representant for dei som kjenner lokalhistoria, Berit Kvalvik. Utdrag frå intervjuet med dei tre er samla i ein film.

Komiteen utnemnde ei referansegruppe som vart sett saman av språkkyndig kompetanse, samt representantar frå kommunane. Referansegruppa fekk overlevert 11 namn frå namnekomiteen: Knarvik, Nordhordland, Alver, Flatøy, Lindås, Kvernafjord, Seim, Alversund, Lygra, Radfjord og Håøy. Oppdraget referansegruppa fekk var å arbeide fram 3-5 namn som skulle leverast tilbake til namnekomiteen for vidare vurdering ut frå prinsippa som var vedtekne i førebuande fellesnemnd.

Referansegruppa var satt saman av:

- Einar Vatne, kulturområdet. Lindås kommune.
- Jorunn Signe Brakstad, eldreråd. Meland kommune.
- Asle Hindenes, næringsliv. Lindås kommune.
- Sigrid Aven Storheim, ungdomsråd. Radøy kommune
- Gunn Tove Kalnes Skjervheim, idrettsområdet. Meland kommune.
- Asle Hetlebakke, politisk namnekomité
- Gunnstein Akselberg, professor UiB, språkkyndig kompetanse.

Referansegruppa hadde eit møte den 26. april 2017, der dei diskuterte seg fram til ei innstilling til komiteen. I innstillinga kom med ei klar tilråding til kva namn dei meiner komiteen bør innstilla og arbeida vidare med i den politiske handsaminga, totalt 4 namn: Alver, Knarvik, Kvernavfjord og Radfjord.

I møtet 5. mai 2017 tok namnekomiteen utgangspunkt i innstillinga frå referansegruppa, og dei argumenta dei hadde for sine val av namn som gjekk vidare i prosessen. Dei fire namna, og nokre av dei andre tidlegare aktuelle namna, blei drøfta, og namnekomiteen kom fram til ei samrøystes innstilling som dei går vidare med i den politiske prosessen med val av namn til den nye kommunen.

Arbeidet som blei gjort i denne prosessen kan ein også leggje til grunn for arbeidet i andre komitear, som skal arbeida med identitetsberande element. Namnet vert ikkje vurdert å ha ein konsekvens for kommunevåpen, verdiord og slagord, da dette ikkje treng ha ein direkte samanheng. Det vert heller ikkje oppfatta å vere kompliserande. Det vert tilrådd frå komiteen at ein involverer skular og barnehagar i prosessen med kommunevåpen, då ein har betre tid i den prosessen. Verdiord og slagord vert og tilrådd å ta vidare i komitéarbeid.

#### **Vurderingar:**

Kommunenamnet er ein viktig identitetsberar og er arbeidd fram som eit resultat av ein inkluderande prosess med innbyggjarar og næringsliv, og prosessen har bygd på lokalhistorie og kultur. Språkrådet seier at namnet skal vera godt å skrive, lese og uttale, noko som er tatt omsyn til i prosessen, i tillegg til prinsippa som låg til grunn.

Komiteen fekk ei god og rask framdrift i arbeidet, og ein har hatt ein effektiv prosess og klart å gjennomføre prosessen slik at forslaget frå den førebuande fellesnemnda blir sendt til handsaming i kommunane tidsnok til at ein kan gje ei forsvarleg handsaming av saka i dei relevante kommunale organa.

Det har vore eit godt diskusjonsklima i den politiske komiteen. Komiteen har gjort ei heilskapleg vurdering og samla seg rundt ei samrøystes innstilling som går vidare til fellesnemnda, og sidan til kommunestyra for politisk handsaming.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Denne saka medfører ingen spesifikke økonomiske konsekvensar i denne samanheng, ut over det som vert satt av til gjennomføring og markering i samband med § 25-møtet. Det kjem ei eiga sak på dette.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	15.05.2017
009/17	Førebuande fellesnemnd - partssamansett utval	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Astrid Aarhus Byrknes	16/3602

## Krav til stilling som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen

### Framlegg til vedtak

1. Førebuande fellesnemnd gir ordførarane og varaordførarane i dei tre kommunane fullmakt til å utarbeide ei skildring av stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen. Denne vert nytta i prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga.
2. Koordinerande tillitsvalt deltar i utarbeidinga av stillingsskildringa.

### Førebuande fellesnemnd - partssamansett utval - 009/17

#### PFELLES - behandling:

Framlegg vart samråystes vedteke.

#### PFELLES - vedtak:

1. Førebuande fellesnemnd gir ordførarane og varaordførarane i dei tre kommunane fullmakt til å utarbeide ei skildring av stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen. Denne vert nytta i prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga.
2. Koordinerande tillitsvalt deltar i utarbeidinga av stillingsskildringa.

### Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 026/17

#### FELLES - behandling:

Leiar for førebuande fellesnemnd fremja følgjande framlegg til eit nytt punkt 3.

Førebuande fellesnemnd får tilbakemelding etter at prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga er gjennomført.

Framlegg og nytt punkt 3 vart samråystes vedteke.

#### FELLES - vedtak:

1. Førebuande fellesnemnd gir ordførarane og varaordførarane i dei tre kommunane fullmakt til å utarbeide ei skildring av stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye

- kommunen. Denne vert nytta i prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga.
2. Koordinerande tillitsvalt deltar i utarbeidninga av stillingsskildringa.
  3. Førebuande fellesnemnd får tilbakemelding etter at prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga er gjennomført.

#### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

I sak 012/2017 vedtok førebuande fellesnemnd å gi dei tre rådmennene i oppdrag å gjennomføre ein anbodsprosess for innleie av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017 til juni 2020. I same saka vart det vedtatt at den formelle fellesnemnda hausten 2017 skal setje i gong ein tilsetjingsprosess for å tilsetje ein prosjektansvarleg i perioden fram til 31.12.2020, som og skal vere rådmann i den nye kommunen. Som eit første steg i denne prosessen vart det og vedtatt at ordførarane skulle vurdere rettskrav til rådmannsstillinga for rådmannsstillingane i dei tre kommunane i dag.

Ordførarane har hatt kontakt med KS Advokatene med tanke på hjelp i prosessen som gjeld rettskrav for dagens rådmannsstillingar. Tilbakemeldinga frå KS Advokatane er at ein m.a. treng ei skildring av noverande rådmannsstillingar, samt stillingsskildring og beskriving av innhaldet for rådmannsstillinga i den nye kommunen.

Det er fram til no ikkje utarbeidd noko som skildrar innhaldet eller formulerer krava ein set til den nye rådmannsstillinga. Dette er heller ikkje utarbeidd for stillinga som prosjektansvarleg, ei stilling den nye rådmannen skal ha i perioden frå hausten 2017 til 31.12.2019.

#### **Vurdering:**

For å kome vidare i arbeidet med å vurdere rettskrav til stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen, er det avgjerande å få utarbeidd ei skildring av stillinga. Det er ønskjeleg at avklaringa av rettskrav er avslutta før sommarferien.

Ordførarane foreslår at ordførar og varaordførar i dei tre kommunane får fullmakt til å utarbeide stillingsskildring for prosjektansvarleg/ny rådmann. Ein ser føre seg eit intensivt arbeid. Koordinerande tillitsvalt bør representere dei tilsette i dette arbeidet, det må og vurderast om det skal gjennomførast drøftingar med hovudtillitsvalte i kommunane. Denne stillingsskildringa blir nytta når KS Advokatene skal gi ei vurdering av rettskrav til stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen.

#### **Økonomi:**

I sak 012/2017 vart det vedtatt at kostnader til ekstern hjelp i denne prosessen skal dekkjast av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Søknad om støtte til samferdselstiltak

### Framlegg til vedtak

1. Førebuande fellesnemnd søker Kommunal- og moderniseringsdepartementet om 5 millionar kroner til vidare arbeid med regulering av Sambandet Vest.
2. Ordførarane får i fellesskap fullmakt til å utforme og signere den konkrete søknaden.

### Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 027/17

#### **FELLES - behandling:**

Sveinung Toft fremma følgjande forslag til nytt punkt en:

«Førebuande fellesnemnd søker Kommunal- og moderniseringsdepartementet om 5 millionar kronar til utvikling av digitale tenester til innbyggjarane.»

Forlaget fall mot to røyster. (1 Meland og 1 Lindås).

#### **FELLES - vedtak:**

1. Førebuande fellesnemnd søker Kommunal- og moderniseringsdepartementet om 5 millionar kroner til vidare arbeid med regulering av Sambandet Vest.
2. Ordførarane får i fellesskap fullmakt til å utforme og signere den konkrete søknaden.

#### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet kunngjorde i byrjinga av april eit høve til å søkje om tilskot til vegar og digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman. Me søkte i 2016 om tilskot til regulering av Sambandet Vest og fekk 2 millionar kroner til dette føremålet. Det vert i denne saka lagt fram at me søker om ytterlegare 5 millionar kroner til dette arbeidet i 2017.

**Saksutgreiing:**

Me har i intensjonsavtala slått fast at me ynskjer å satse målretta på infrastruktur for at den nye kommunen skal få ein effektiv internkommunikasjon og for å realisere lokale samferdsleprosjekt. I intensjonsavtala er det òg peikt på viktige prosjekt som kan bidra til å realisera dette, til dømes Sambandet Vest. Dette er eit prosjekt som har stor verknad for alle dei tre kommunane. I denne saka blir det fremja eit forslag om at me prioriterer dette prosjektet.

I arbeidet med å utforma ein søknad vil det vera viktig å sikra faglege innspel frå Sambandet Vest, slik at søknaden har ei god fagleg forankring. For å sikra ein kvalitativ god søknad er det ynskjeleg at ordførarane i fellesskap får fullmakt til å utforma søknaden, i samarbeid med Sambandet Vest, og at dei får fullmakt til å signere og sende søknaden.

**Økonomiske konsekvensar:**

Denne saka har ingen økonomiske konsekvensar.

**Trykte vedlegg:**

Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, datert 5. april 2017, *Tilskudd til veier og digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg sammen*.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Oppnemning av arbeidsgruppe for gjennomføring av seminar om næringsutvikling

### Framlegg til vedtak

1. Førebuande fellesnemnd vel som medlemmer i arbeidsgruppa for gjennomføring av eit seminar om næringsutvikling hausten 2017:
  - a.
  - b.
  - c.
2. Arbeidsgruppa fungerer fram til seminaret er gjennomført.
3. Arbeidsgruppa får administrativ støtte frå Lindås kommune.

### Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 028/17

#### FELLES - behandling:

Tilråding frå valnemnda:

- a. Karl Vågstøl, Lindås
- b. Øyvind Bratshaug, Meland
- c. Kenneth Murberg, Radøy

Kenneth Murberg, Radøy, fremma forslag om nytt medlem i arbeidsgruppa:

- d. Karina Garnes Reigstad, Meland

Tilrådinga med tillegg vart samrøystes vedteke.

#### FELLES - vedtak:

1. Førebuande fellesnemnd vel som medlemmer i arbeidsgruppa for gjennomføring av eit seminar om næringsutvikling hausten 2017:
  - a. Karl Vågstøl, Lindås
  - b. Øyvind Bratshaug, Meland
  - c. Kenneth Murberg, Radøy
  - d. Karina Garnes Reigstad, Meland
2. Arbeidsgruppa fungerer fram til seminaret er gjennomført.
3. Arbeidsgruppa får administrativ støtte frå Lindås kommune

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Ordførarane har gjennomført eit møte med styreleiar og dagleg leiar i Nordhordland næringslag (NoNL) for å diskutere korleis vi kan sikre næringsutviklinga i den nye kommunen. Å sikre ei god næringsutvikling der det vert utvikla nye arbeidsplassar vil vere viktig for å sikre at den nye kommunen får ei positiv utvikling knytt til folkesetnad og økonomi.

### **Saksutgreiing:**

Vi har slått fast i intensjonsavtala at vi ynskjer å leggje stor vekt på nærings- og arbeidsplassutvikling og at vi ynskjer å involvere næringslivet.

Føremålet med møtet mellom ordførarane og representantar for NoNL var i første rekke å diskutere næringsutvikling i den nye kommunen. I møtet vart fleire ulike tiltak diskutert, men eit forslag som deltagarane var samde om var å arrangera eit møte/ei samling for politikarar, administrasjonen og næringslivet i kommunane våre, som eit første steg. Tema for møtet er tenkt å vere nærings- og samfunnsutviklinga i den nye kommunen.

For å førebu eit slikt seminar vert det difor foreslått å setje ned ei arbeidsgruppe. Denne bør ikkje vera for stor, så det vert anbefalt at det vert oppnemnt tre representantar. Valnemnda får i oppgåve å peike ut representantar til arbeidsgruppa. Valnemnda legg fram innstilling til medlemmer i møtet i fellesnemnda 15. mai.

Funksjonsperioden til gruppa går ut når seminaret er gjennomført. Korleis fellesnemnda skal arbeide vidare med næringslivet og næringsutvikling vil skildrast i styringsdokumentet.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Kostnaden, inntil 30 000 kronar, til gjennomføring av eit seminar, vert dekt frå eingangsstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Melding / orientering til førebuande fellesnemnd - 15.05.2017

### Framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

#### **Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 029/17**

##### **FELLES - behandling:**

Framlegget vart samråystes vedteke.

##### **FELLES - vedtak:**

Meldinga er teke til orientering.

##### **Saksopplysningar:**

Saka skal avgjerast i førebuande fellesnemnd

##### **Orienteringar:**

1. Status §25-møtet
2. Orientering frå møtet mellom rådmennene og hovudtillitsvalte
3. Orientering om kyrkjeleg fellesnemnd og oppnemning av representant frå den kommunale fellesnemnda
4. Saker frå kommunestyrrene

Eventuelt andre saker.